

## SAK 51/24 LEGEVAKTSSAMARBEID I HALLINGDAL

**Saksopplysing:**

Kommunen skal tilby ei legevaktordning som sikrar innbyggjarar og tilreisande rask helsehjelp når det er behov for det. Korleis kommunen løyser dette er opp til dei. I Hallingdal dekker alle kommunar sitt lokale behov for legevakt mellom 0800 og 2300 (med ulike variasjonar og samarbeidskommunar), mens det er felles nattlegevakt på Ål i tida 2300 – 0800, der alle kommunar bortsett frå Flå er med.

Det siste året har det skjedd mykje når det gjeld legevaktssamarbeid i Hallingdal. Avtaler er sagt opp, nye samarbeid er forsøkt sett i gong, ROS-analyser er utført og fleire endringar har vore diskutert. Før sommaren signaliserte Hemsedal at dei ønskjer eit legevaktssamarbeid med Ål og Hol. Like etter dette signaliserte det politiske miljøet i Gol at dei ønskjer seg ei vurdering av eit utvida samarbeid på kveld/helg og eventuelt døgnlegevakt på Ål. Nesbyen har vedtatt at dei vil reforhandle noverande avtale med Ål. Om ikkje dette fører fram, ønskjer dei å vurdere eit samarbeid med legevaka på Ringerike. Flå har samarbeid med Krødsherad på dag og Ringerike på natt.

Det neste året ser ut til å vera avklart ved at Hol, Ål og Hemsedal testar ut eit samarbeid på kveld og helg og at Gol og Nesbyen samarbeider seg imellom.

**Vurdering:**

Legevaktssamarbeidet har lenge vore diskusjonstema i fleire kommunar, men etter politisk initiativ frå Gol, om ei vurdering med ønskje om ei meir framtidsretta og berekraftig legevaktsløysing på Ål, kan det sjå ut som at fleire eller samtlege kommunar ønskjer ei vurdering av dette velkommen. Det står att fleire avklaringar, men ettersom det neste året er avklara, har kommunane god tid til å gjere vurderingane på ei skikkeleg måte. Vurderinga må gje svar på fleire spørsmål, men det mest nærliggande er om ein skal gå for felles legevakt heile døgnet, berre på natta eller kveld og natt. Og så må ein sjølvsagt finne ut kven som ønskjer å delta i samarbeidet.

Pr. i dag har dei fire kommunane øvst i dalen sagt at dei ønskjer eit samarbeid. Nesbyen ønsker endring i noverande avtale, eller noverande samarbeidspart og Flå har ikkje signalisert nokon endringsforslag. Når ein skal rigge ei god og langsiktig legevaktløysing, bør alle kommunar i dalen bli inviterte til å delta i vurderingane, i forarbeidet og i eit ev. samarbeidet.

Ein måte å koma i gong på, er å utarbeide eit mandat som sikrar brei deltaking blant dei kommunane som har ein intensjon om å få til eit legevaktssamarbeid, og som skisserer ulike modellar for samarbeid. Dagleg leiar kan saman med representant(ar) frå KRU utarbeide eit mandat som blir presentert på neste møt ei Regionrådet. Deltakande kommunar kan då gjera vurderingane etter å ha fått mandat frå Regionrådet.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet ber administrasjonen i samarbeid med KRU, utarbeide eit utkast til mandat for vidare utgreiing av modell for legevaktssamarbeid i Hallingdal. Mandatet kjem som sak til neste regionrådsmøte.

Hallingdal, 27. august 2024

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar